



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 29.11.21 – kl 18:00 – 21:30

Stad: Banken

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke og Randi Legård.

Andre til stades på møte: Ingen

Sakshandsaming/Referent: Tor Helge

Saker til styremøtet

Sak 50/21: Godkjenning innkalling og meldingssaker

Sak 51/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 52/21: NJFF 150 år – førespurnad om ein dag gratis fiske

Sak 53/21: Flytte DNT-sti ved Gamlabua

Sak 54/21: Sekretærsituasjonen 2021/2022

Sak 55/21: Bestilling tenestar FHAs

Sak 56/21: Haustmøte + styremøte i FHAs – Røldal FS sine standpunkt

Sak 57/21: Budsjett 2022

Sak 58/21: CWD-situasjonen – Røldal Fjellstyre sitt standpunkt

Sak 59/21: Møteplan 2022

Sak 60/21: Rutiner for møter og kommunikasjon

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Håkon Småbrekke/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 50/21: Godkjenning innkalling og meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2021.09.29 INN Statskog. Fjellstyrene på Hardangervidda - forutsigbar økonomi
- 2021.10.02 TIL SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad - støtte uthus Ninive
- 2021.10.03 TIL Lyse Kraft DA - RSK - støtte renovering fjellstyrehytter
- 2021.10.19 UT Søknad om dispensasjon frå arealdel i kommuneplan
- 2021.10.26.001.1. Brev fra Statens Naturoppsyn- Samarbeid om CWD bekjempelse på Hardangervidda
- 2021.10.28. INN Møtereferat 18. okt 2021, dialogmøte villrein Hardangervidda
- 2021.10.29 INN Nabovarsel - Dispensasjonssøknad - tilrettelegging av snøscootertrase i Valldalen - Hydro Energi AS
- 2021.10.31 INN Felles innspill vedr cwd HV 31 10 2021
- 2021.11.05 UT Rapport gjennomføring haustingsbasert friluftsliv - rekrutteringstiltak Røldal Fjellstyre
- 2021.11.08 INN Varsel om revarding av ruter Haukeliseter – Hellevass – Middalen – Reinsnos
- 2021.11.10 INN Eidfjord FS - Handtering av CWD på Hardangervidda
- 2021.11.10 INN Invitasjon høstmøte Hardangervidda 2021
- 2021.11.12 INN Svar på søknad til Sparebank 1 Stiftinga Kvinnherad Hausten 2021
- 2021.11.12 INN FHas - Kostnad ved tjenestekjøp, Røldal fjellstyre
- 2021.11. 19.1.3 INN Innkalling styremøte FHas 031221

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar går gjennom meldingslista.

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 51/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Fjellstyret har vorte informert av marknaden at det no er opna for å søkje om plass sommaren 2022.
- Fjellstyret må diskutere kort vegen vidare i Ulevåbotn – eventuelle leigetakarar bør få svar i løpet av vinterne 2022.
- Leiar har vore i styremøte i Røldal Grendahus. Hovudtemaet var styret sine tankar rundt påbyggingsplanane, rominndeling osv.

- Søknadar til utedassen vart til slutt godkjent, og er sendt Statsforvaltaren for uttale. Etter dette er det Tilsynsutvalet sin tur, før kommunen kan vurdere å gje byggjetillating. P.g.a. grunnforhalda, ser underteikna det som mest hensiktsmessig å byggje utedassen til sommaren. Fjellstyret må ta stilling til dette, samt om ein skal setje oppdraget ut på anbud.
- Kva tenkjer me om dugnad og liknande den komande vinteren?
 - o Bør prioritere å fullføre inne på Ninive.
 - o Fått løyve til å lage skikkeleg båtopplegg ved Uravatnet
 - o Rydde ut steinbua ved Gamlabua om snøforhalda tillet det.
 - o Kjøpe ved?
 - o Få fagfolk til å ta ein titt på solcelleanlegget i Gamlabua (evt. Eriksbu). Underteikna vil ha vekk alle syrebatterier snarast...
 - o Røde kors er interessert i transport også i år. Utstyr inn, boss heim. Må vurdere å få heim bossdunkane for å vaske dei. Nok mange år sidan dette er gjort.

Framlegg til vedtak:

- Røde kors får tilbod om å køyre transport til Hedlevass. Fjellstyret betalar Røde kors kr 3000 for dette.

Referat

- Fjellstyret bestiller stand på Røldalsmarknaden 2022. Fjellstyret forhøyrer seg med SNO/FHas om dei skal stille med lavo.
- Avgjersla i Ulevåbotn har dratt ut. Alle nødvendige avklaringar er no gjort, og fjellstyret må ta sikte på å avgjere saka i næraste framtid. Tor Helge kjem med forslag om at ein bør sjå på tilsvarande løysing på fleire hytter. Det vert einigheit om å drøfte dette på allmannamøtet. Fjellstyret informerer søkjerane til Ulevåbotn om dette.
- Tor Helge har, som fjellstyret sin styrerepresentant i Grendahuset, vore i fleire møter angåande påbygget. Tor Helge har ut frå stemninga i grendahusstyret, samt dei demokratiske prosessane visst i møta, bytja å stille spørsmålsteikn ved fjellstyret sin rolle i dette. Det er ei kjennsgjerning at fjellstyret no ikkje sit med nokon rettigheit i huset, berre ansvar, både som styremedlem og største A-aksjonær. Røldal Fjellstyre sit engasjement i Grendahuset er i bestefall ei avsporing i forhold til dei oppgåvene fjellstyret er vald til å forvalta. Truleg ynskja heller aldri Røldal Fjellstyre ein eigarpost i Grendahuset, men fekk dette som ein konsekvens av ei betydeleg økonomisk bidrag til oppføringa av huset. Tor Helge meiner med bakgrunn i dette at fjellstyret bør vurdere å kvitte seg med sin aksjepost og sitt eigarskap i Røldal Grendahuset. Fjellstyret drøfta dette, og bestemte seg for å ta opp denne saka i allmannamøtet.
- Uthus/utedo Ninive: Leiar bad om fullmakt til å leggje ut arbeidet i samband med utedo/uthus på anbud når byggjeløyve føreligg. Handverkar må få kome med innspel når og korleis arbeidet skal gjennomførast. Transport skal forsøkjast gjennomførast på dugnad til vinteren, om dette visar seg å vera billigaste løysing.
- Ein vert einig om å forsøkje å organisere dugnad å same møte som i fjor. Dette kan annonserast på allmannamøtet. Ferdigstilling av Ninive inne og rydding av steinbua ved Gamlabua skal prioriterast. Tor Helge har i løpet av veka søkt TUV om motorferdselløyve i samband med etablering av båtopplegg ved Uravatnet. Det trengst dugnadsfolk til dette og.
- Tor Helge har skaffa eit brukt kjøkken til Ninive. Fjellstyret leiger snikker til å bistå i monteringa av dette.

- Det kjem forslag om å høyre med nokre i den yngre garde om dei vil selje ved til fjellstyret i år. Tor Helge får fullmakt til å organisere dette.
- Tor Helge organiserer fagfolk til å gå over solcellepanelet i Gamlabua.

Vedtak:

- Fjellstyret bestiller stand på Røldalsmarknaden 2022.
- Leiar får fullmakt til å legge ut arbeidet på uthus på Ninive ut på anbod når dei nødvendige løyva er på plass.
- Leiar får fullmakt til å leige snikker til montering av kjøkken på Ninive.
- Røde kors får tilbod om å køyre transport til Hedlevass. Fjellstyret betalar Røde kors kr 3000 for dette.

Sak 52/21: NJFF 150 år – førespurnad om ein dag gratis fiske**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Fjellstyret mottok 2021.11.08 følgjande førespurnad frå NFS/NJFF som ein må ta stilling til:

«NJFF fyller i år 150 år. NJFF har har rundt 113.000 medlemmer, fordelt på 550 lokalforeninger og 19 fylkeslag. De bidrar aktivt til å få folk ut på tur i hele Norge og organiserer svært mange av fjellstyrenes "kunder".

I anledning de 150 år ønsker fjellstyrene å markere dette ved at alle med medlemskap i NJFF kan fiske gratis med stang på alle statsallmenninger en bestemt dato i 2022. (gjelder ikke i lakseførende vassdrag). Vi vil komme tilbake med eksakt dato. Dersom noen fjellstyrer inngår i felles kortsamarbeid med andre vil bare denne gaven gjelde på statsallmenningsarealet.

Fjellstyrene gav tilsvarende gave til DNT-medlemmer da DNT hadde 150-årsjubileum i 2018. Alle fjellstyrene var med på gaven.

Vi håper fjellstyrene ser på dette som et positivt initiativ som de ønsker å være med på. Vi tror dette også er med på å gi fjellstyrenes tilbud økt oppmerksomhet generelt og vil føre til flere fiskere og mere hytteutleie. Vi ber de fjellstyrene som evt ikke vil være med på felles gave om å ta kontakt.»

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre stiller seg positive til initiativet og gjev alle med medlemskap i NJFF gratis stangfiske ein dag i 2022.

Referat:

Fjellstyret diskuterer saka kort, og finn ingen motargumenter.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre gjev alle med medlemskap i NJFF gratis stangfiske ein dag i 2022.

Samrøystes.

Sak 53/21: Flytte DNT-sti ved Gamlabua**Saksdokument:**

2021.11.08 INN Varsel om revaring av ruter Haukeliseter – Hellevass – Middalen – Reinsnos

Saksutgreiing:

Fjellstyret har fått beskjed om at DNT Oslo og omegn skal revarde ruta mellom Haukeliseter – Hedlevass – Middalsbu i løpet av neste sommar. Dei ynskjer tilbakemelding innan 01. desember om det er nokon innvendingar mot dette.

Underteikna har i fleire år sett på ulempa det er at DNT sin turiststi frå Middalsbu til Hedlevassbu går oppom tunet til Gamlabua. Det er fleire orsakar til dette, men det mest tungtvegande argumentet er at ein mister ein del privatliv sidan det er fullt innsyn rett inn i hytta frå turiststien.

Stien må bevist vera lagt slik, då ein no går ein (biteliten) omveg. For underteikna er det heller ikkje naturleg at stien stien ligg slik i forhold til terrenget heller. Det kan tenkjast at den i si tid vart lagt her av hensyn til snø. Dette bør i så tilfelle vera mogleg å flytte den over på andre sida av bekkedalen. Sjå vedlagt kartutsnitt. Forslag til ny trasé er den stipla linja i raudt.

Leiar ynskjer difor å søkje Statskog (som grunneigar) og vidare Statsforvaltaren i Vestland (som vernemyndigheit) om tillating til å flytte turiststien. Om fjellstyret får tillating frå desse to, ser underteikna det som usannsynleg at DNT kan motsette seg dette. I og med DNT planlegg å revarde stien no i sommar, er dette eit naturleg tidspunkt å ta tak i dette på.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal FS ynskjer å endre traséen til turiststien rundt Gamlabua.

Leiar får fullmakt til å informere DNT om Røldal FS sitt ynskje om å leggje om stien, samt søkje Statskog og Statsforvaltaren i Vestland om dei nødvendige løyvene.

Referat:

Tor Helge har i etter at møteinnkallinga vart sendt vore i kontakt med Ellen for å høyre om ho kunne tenke ut nokre grunnar til at stien ikkje bør flyttast. Ho delte Tor Helge sitt syn om at dette, om noko, var ei endring til det betre. Styret drøftar saka, og finn heller ingen argumenter mot. Fjellstyret bør spele inn til DNT at stien bør leggjast i ein sikker trasé over bekken vestover.

Vedtak:

Røldal FS ynskjer å endre traséen til turiststien rundt Gamlabua.

Leiar får fullmakt til å informere DNT om Røldal FS sitt ynskje, samt søkje Statskog og Statsforvaltaren i Vestland om løyve.

Sak 54/21: Sekretærsituasjonen 2021/2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I henhold til vedtak i sak 44/21 har Tor Helge utreda diverse alternative sekretærløysingar fram til sommaren 2022. Den førebelse planen har vore at Røldal FS etter nyttår skulle dele sekretærtjenesta med Ullensvang FS. Etter denne planen vart lagt har FHas mista endå ein sekretær, og det vil vera låg bemanning i alle fall i fyrste halvår av 2022.

Alternativ 1.

Leiar i FHas stiller seg positiv til ei løysing der Røldal FS handtere sekretærtjenesta sjølve, kor sekretær vert lønna via FHas etter nærmare avtale. Ei slik ordning vil då støtte krava til refusjonsordninga frå staten (jmf. §36 i Fjelleva). Denne kostnaden for fjellstyre vil då telje som del av tenestekjøpet Røldal FS er forplikta til å kjøpe frå FHas, i henhold til gjeldane kontrakt.

Alternativ 2.

Røldal Fjellstyre ber FHas stille sekretær til rådighet så snart som råd. Fram til dette er på plass, reduserer fjellstyret drifta/arbeidet til eit minimum. Fjellstyret vel eit medlem til å utføre «forefallende arbeid».

Alternativ 3.

Røldal Fjellstyre går inntil vidare tilbake til sekretærløysinga som var før 2017, og vel ein eigen sekretær internt i styret.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Tor Helge melde seg ugild i saka, då det kjem forslag om han som kandidat til alternativ 1. Det vert ikkje kalla inn varamedlem i saka. Ingen andre fjellstyremedlemmer ynskjer å stille som kandidat til nokon av dei andre alternativa. Alternativ 2 og 3 vert diskutert, men vurdert som mindre gode alternativ av dei andre fjellstyremedlemmene. Det vert peika på at Alternativ 1 berre vil vera ei midlertidig ordning over 6 månadar. Kostnaden vert i stor grad dekkja gjennom det forplikta tenestekjøpet til FHas. Løysinga vert av fjellstyremedlemmene ikkje vurdert til å verte særleg større om ein går for alternativ 1. Alternative løysingar vil også kome med ein kostand.

Vedtak:

Røldal FS vil fram til 01. juli handtere sekretærtjenesta sjølve. Sekretær vert lønna via FHas etter nærmare avtale. Tor Helge skal stå for sekretærtjenesta i denne perioden. Avtala mellom sekretær/FHas skal godkjennast av samlege fjellstyremedlemmar.

Vedtatt med 4 stemmer, 0 mot. (Tor Helge deltok ikkje i drøftinga av saka.)

Sak 55/21: Bestilling tenestar FHas**Saksdokument:**

2021.11.19 Bestilling Tjenestekjøp Røldal fjellstyre 2022

Saksutgreiing:

Fjellstyret må ta stilling til kva tenestar det er ynskjeleg å leige fjelloppsynet til i 2021. Detaljert oversikt i eige excel-dokument.

Dette beløpet vil vera sterkt avhengig av kva sekretærordning fjellstyret går for det neste halve år. Det er difor lagt fram to forslag til detaljert tenestekjøp i eigne ark i exceldokumentet som føl møteinnkallinga.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret ser på omtrentlege kostandar i 2022. Utover sekretærtjeneste er det ingen spesielle ynskjer om tenestekjøp. Fjellstyret støttar soleis budsjettframlegget til FHas på kroner 136 000.

Vedtak:

Fjellstyret bestiller eit tenestekjøp frå FHas i 2022 tilsvarande budsjettframlegget i FHas.

Samrøystes

Sak 56/21: Haustmøte + styremøte i FHas – Røldal FS sine standpunkt

Saksdokument:

2021.11. 19.1.3 INN Innkalling styremøte FHas 031221

Saksutgreiing:

Det vert haustmøte på Geilo 4. desember. I samband med dette, vart det også bestemt å gjennomføre eit møte i FHas dagen før (fyrste fysiske møtet i denne fjellstyreperioden). Leiar er styremedlem i FHas, og møter difor begge dagane.

I møtet i FHas, er det eit par saker som bør drøftast internt i Røldal FS før møtet, slik at leiar får leggje fram fjellstyret sitt synspunkt i dei aktuelle sakene. Desse sakene er i grove trekk lista opp under.

Framlegg til driftsbudsjett i FHas

FHas budsjetterer med eit tenestekjøp frå Røldal FS tilsvarende kr 136 000. (Ein nedgong på 22% i forhold til tilsvarende tal i fjorårets budsjettframlegg.) Framlegget til driftsbudsjettet for FHas forutset eit tenestekjøp frå Røldal FS på kr 136 000. I tillegg kjem utgiftene til politisk avdeling på kr 45 000. Om fjellstyret ikkje aksepterer dette beløpet må det kome tilbakemelding til FHas om dette snarast.

Overnatting fjellstyrehytter – SNO/politi

Følgjane utdrag er skrevet av sakshandsamar i FHas:

«Overnatting som tilsette i sno og politiet har i oppsynsrom og fjellstyrehytter blir fakturert gjennom FH. Ved overnattingar på andre hytter enn der FH har leigeavtale med fastpris med fjellstyra, blir leiga vidarebetalt til fjellstyra. Pris per natt blir fastsett av styret i FH og har i mange år vore kr 150,- og bør regulerast . Det er naturleg å sjå til kva Staten godtgjer dei tilsette med ved ulegitimert overnatting. Dette er for tida kr 435,-»

Samhandling mellom FH og fjellstyra

Leiar utdjupar dette punktet nærare på møtet.

Representasjon i villreinutvalet

Ny modell i samband med kommunesamanslåinga. Det er per i dag 8 representantar. Tidlegare hadde Odda og Ullensvang 1 kvar. No kan det verte berre 1. Representanten til kvar kommune rullerar i tillegg mellom private grunneigarar og fjellstyrer. Korleis rulleringa skal vera må avklarast. I og med Ullensvang har to fjellstyrer, må det også avklarast om representanten frå fjellstyra skal rullera mellom Røldal og Ullensvang. Leiar klarer ikkje finne gode tal på teljande villreinareal i Ullensvang SA og Røldal SA. Tala presentert er difor utrekna verdier ut frå teljande villreinareal i dei gamle kommunane og tildelte dyr (og kan difor vera berekna på feil grunnlag). Tala ein får er at Røldal SA (HA280) er 330 000 daa, Odda SA (HA281) var 256 000 daa og Ullensvang SA (HA282) var 511 000 daa. Dette gjev at «nye» Ullensvang SA har eit samla teljande villreinareal på 767 000 daa. I så tilfelle har Røldal SA rett over 30% av det teljande villreinarealet (i statsallmenning) i Ullensvang kommune. (Har då sjølvsagt ikkje rekna med arealet syd for E134, Breifonn SA eller Folgefonna SA.)

Framlegg til vedtak:

- Røldal Fjellstyre ynskjer at pris for overnatting frå tilsette i SNO og politiet aukar til kr 435. Tilsette ved Hardangervidda Fjelloppsyn overnattar gratis.
- Om SNO, politiet eller Hardangervidda Fjelloppsyn ynskjer å overnatte i fjellstyrehyttene til Røldal FS, skal det rettast førespurnad om dette i forkant av eventuelle overnattingar. Om dette ikkje lar seg gjere, skal det meldast tilbake til fjellstyret om eventuelle overnattingar så snart som råd.
- Representasjon i villreinutvalet: Røldal FS arbeider for alternativ der Ullensvang beheld to representantar, ein til FH og ein til HG. Røldal FS ynskjer ei rullering av FH sin representant frå Ullensvang i villreinutvalet, der Røldal FS får representanten 1 av 3 gonger.

Referat:

Styret går gjennom dei forskjellige punkta. Leiar i FHas har lest saksutgreiinga og peikar på utfordringar for oppsyn med førehandsvarsling av overnatting i hytter. Fjellstyret diskuterer dette og kjem likevel fram til at brukarane må ha fyrsterett. Ynskjer førespurnad om overnatting dei gongene dette er mogleg, men fjellstyret vil tillate «spontanovernatting». I dei tilfella kjem det forslag om at dei i desse tilfella berre nyttar Gamlabua i Hedlevass, samt at dei må vika om andre har reservert hytta på førehand.

Vedtak:

- Røldal Fjellstyre ynskjer at pris for overnatting frå tilsette i SNO og politiet aukar til kr 435. Tilsette ved Hardangervidda Fjelloppsyn overnattar gratis.
- Om mogleg skal overnatting på fjellstyrehytter avtalast. Overnatting utan avtale i Hedlevass, vil for SNO, politiet eller Hardangervidda Fjelloppsyn vera mogleg i Gamlabua. Røldal Fjellstyre sine brukarar skal ha fyrsterett. Andre må vika om hytta er reservert. Fjellstyret skal ha tilbakemelding om eventuelle overnattingar i etterkant.
- Representasjon i villreinutvalet: Røldal FS arbeider for alternativ der Ullensvang beheld to representantar, ein til FH og ein til HG. Røldal FS ynskjer ei rullering av FH sin representant frå Ullensvang i villreinutvalet, der Røldal FS får representanten 1 av 3 gonger.

Samrøystes.

Sak 57/21: Budsjett 2022

Saksdokument:

Budsjett for 2022

Saksutgreiing::

Forslaget til budsjett er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Tenestekjøp frå FHas som vedtatt i sak 55/21.

- Inntekter frå reinsdyrkort noko litt lågare enn 2021.
- Andre inntekter som i 2021.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Styret går gjennom dei forskjellige postane i budsjettet. Budsjettet vert sett opp med eit underskot på kr 150 000. Dette er tilsvarende kostnaden med uthus/utedo på Ninive. Det er forventna større inntekter av reinsjakta enn det fjellstyret budsjetterer med.

Vedtak:

Styret godkjenner framlagt budsjett for 2022.

Samrøystes

Sak 58/21: CWD-situasjonen – Røldal Fjellstyre sitt standpunkt**Saksdokument:**

2021.10.26.001.1. Brev fra Statens Naturoppsyn- Samarbeid om CWD bekjempelse på Hardangervidda

2021.10.31 INN Felles innspill vedr cwd HV 31 10 2021

2021.11.10 INN Eidfjord FS - Handtering av CWD på Hardangervidda

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre må ta stilling til førespurnad frå SNO mottatt 26.10. Førespurnaden er todelt. Det eine delen går på om fjellstyret kan stille «husvære i fjellet» disponible om vinterjakt vert aktuelt. Den andre går på at SNO ynskjer ei tilbakemelding om fjellstyret anten har tilknytta personell, eller kjennskap til personell, som kan vera aktuelle for å styrka det statlege fellingslaget.

Underteikna har, som styremedlem i FHAs, fleire gonger forsøkt å «rasla litt meir med sablane», og arbeider for at fjellstyra skal markera sitt syn tydelegare. Underteikna si vurdering er at ein står samla lokalt mot dei førespeila tiltaka. Det vert også vurdert ditt hen, at det er viktig at Røldal Fjellstyre støttar opp om lokal forvaltning. Fjellstyret må no diskutere kva standpunkt styret skal ta i diskusjonane framover, kva synspunkt leiar skal fremma og kva konsekvensar det vil få om ting ikkje går vår, eller reinsdyra, sin veg.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre vil ikkje, på nokon som helst måte, bidra til vinterjakt. Fjellstyrehyttene skal ikkje nyttast av personell som bidrar til ekstraordinært uttak utanom ordinær jakttid. Om vinterjakt vert iverksett, skal nøklane som Politi/SNO disponerer returnerast til Røldal Fjellstyre.

Røldal Fjellstyre ynskjer ikkje å bidra med personell, eller kompetanse, inn i det statlege fellingslaget. Representant for Røldal FS i FHAs skal kreve at HF heller ikkje skal bidra i eit statleg fellingslag.

Referat:

Innstillinga frå Mattilsynet/Miljødirektoratet vart presentert etter at møteinnkallinga var sendt. Det vert ikkje anbefalt å gjennomføre vinterjakt. Fjellstyret er likevel samde om at ein gjer vedtak i denne saka, om dette skulle verte aktuelt til neste år.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre vil ikkje, på nokon som helst måte, bidra til vinterjakt. Fjellstyrehyttene skal ikkje nyttast av personell som bidrar til ekstraordinært uttak utanom ordinær jakttid. Om vinterjakt vert iverksett, skal nøklane som Politi/SNO disponerer returnerast til Røldal Fjellstyre.

Røldal Fjellstyre ynskjer ikkje å bidra med personell, eller kompetanse, inn i det statlege fellingslaget. Representant for Røldal FS i FHas skal kreve at HF heller ikkje skal bidra i eit statleg fellingslag.

Samrøystes.

Sak 59/21: Møteplan 2022**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar ynskjer å kome fram til ein møteplan for 2021.

Møteplan Røldal Fjellstyre 2022	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 07.02	Vedtak prisar 2021, videreføring samjaktavtalar, planlegging vintersesong, planlegging renovering Ninive
Måndag 04.04	Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status støylar og hytter,
Måndag 30.05	Diverse før sommaren
Måndag 17.10	Oppsummering sommarsesong + forhåpentlegvis reinsjakt....
Måndag 21.11	status/oppsummering rjupejakta, orienteringar, prisar for 2021, plan for drifta i 2021, møteplan 2021, budsjett tenestekjøp 2021

evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte
-----------------	---

Planlagte møter utan «sekretærbehov»:

- Jaktkortutdeling
- Møte med Sveigen beitelag
- Allmannamøte

Datoane er veiledane...

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Antal årlege fjellstyremøter vert diskutert. Tor Helge påpeikar at 5 i året, som planlagt no, er «unormalt» mykje. Spesielt med tanke på at det då kvar år også kjem ekstramøter. Det er likevel slik at møta er tettpakka med saker. Det vert difor einigheit om å fortsette med same antal møter. Ein planlegg no for allmannamøtet i januar, men avventar endeleg dato til ein ser ann korleis koronasituasjonen vert i jula. Tor Helge føreslo difor å endre møtedatoen i januar til 07. februar (dette er endra i tabellen i saksutgreiinga).

Vedtak:

Fjellstyret vedtar møteplan i samsvar med tabell i saksutgreiinga.

Sak 60/21: Rutiner for møter og kommunikasjon

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Leiar ser behovet for å ha ein diskusjon rundt korleis me skal løyse hastevedtak/e-postmøter og generell kommunikasjon i framtida. Det er kome innspel på at prosessane rundt dette ikkje er tilfredsstillande.

Dette kjem overraskande på leiar. Han ynskjer difor ein grundig diskusjon rundt dette, kvar alle sider av sakene vert belyst.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Styret drøfta korleis gjennomføring av hastevedtak og kommunikasjon frå leiar har fungert i praksis. Leiar har i samband med hastevedtak og anna tidssensitiv kommunikasjon ringt dei einskilde styremedlemmene og informert om saka munnleg. Det har vidare vorte sendt ei

skriftleg sak som fjellstyremedlemmene så må godkjenne. Styret samlar seg om at denne framgangsmåten både er ryddig og oversiktleg. Det er vidare einigheit om at leiar sin «kommunikasjonspraksis» er tilfredstillande. Det vert peika på at det er den einskilde fjellstyremedlem sitt ansvar å kommentere saker eller sakshandsaminga, samt å setje seg inn i saka det vert gjort vedtak i.

I tilfeller der det er tvil rundt saksinnhald, sakshandsaming eller vedtak, er det einigheit om at leiar skal kontaktast for å oppklara eventuelle misforståingar før desse får eskalere.

Det kjem forslag om at vararepresentantane bør få tilsendt møteinnkalling på lik linje som faste styremedlemmer, i tilfelle plutselig forfall.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre forset med same praksis rundt hastevedtak og kommunikasjon i samsvar med referatet over.

Vararepresentantane skal ha tilsendt møteinnkalling før alle fjellstyremøter.

Samrøystes.